ALVER
KOMMUNE

Ing Taule AS
Radøyvegen 1400
5936 MANGER

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Anne Lise Molvik	01.09.2020
Vår: 20/3443 - 20/53978	anne.lise.molvik@alver.kommune.no	

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 212/108 Eikanger øvre

Tiltak: Oppføring av bustadhus
Byggjestad: Gbnr: 212/108
Tiltakshavar: Ing Taule AS
Ansvarleg søkjar: Ing Taule AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om endring av tiltak 14.08.2020.
Vi forstår av søknaden at endring omfattar høgdeplassering av bustad der topp golv vert heva frå kote + 11,5 til kote + 11,9, endra plassering av tørrmur mot vest som no er trekt noko lenger aust. Av situasjonskartet som følgjer søknaden går det fram at det også skal etablerast mur med høgde 1,2 meter langs grense mot gbnr 212/109 og kommunal veg.

Godkjend situasjonsplan



Omsøkt endring



Alver kommune
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Mottakskontroll
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Gjenpart av nabovarsel.
2. Avstand mellom mur og nabogrense må førast på situasjonsplanen.
3. Det må sendast inn eit oppriss av ny mur.
4. Delar av muren er plassert i strid med byggegrensa mot veg og det må søkjast om dispensasjon.
5. Det må innhentast samtykke frå nabo på gbnr 212/109 til plassering av mur slik det er søkt om, eller søkjast om dispensasjon frå pbl § 29-4.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.10.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik	Anne Lise Molvik
Avdelingsleiar	Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ing Taule AS	Radøyvegen 1400	5936	MANGER

Mottakarar:

Ing Taule AS	Radøyvegen 1400	5936	MANGER